

Oppsummering av merknader til oppstartsvedtak TS-planen

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
Solveig Grimslund				Krysset til Trodalen er ikkje trafikkikkert. Det vert opplevd som svært trafikkfarleg å krysse E39 ved busstoppet	Utbetring av Trodalskrysset var med som tiltak i den «gamle» planen utan at det er gjennomført ei opprusting / utbetring.	Vidareførast til ny plan
Politiet	Ønskjer fokus på utfordringane med å få fartsreducerande tiltak til å virke		Ønskjer fokus på utfordringane for mjuke trafikantar – spesielt barn og unge til og frå skulen	Ønskjer særskilt fokus på utfordringane lang E39		
Fylkesmannen i Hordaland						
Nordbygda barnehage - personalet	Kantslått der ein køyrer av vegen inn til oppvekstsenter Tett rekkverk / gjerde på gangsti langs fv 570	Utviding av parkeringsplass ved Helsetunet Gangfelt over fv 570 Nedsett fartsgrense fv 570			Behov for kantslått er gjennomgåande for heile vegnettet i kommunen. Vert ikkje vurdert som eit trafikkikringstiltak i denne omgang. Det vert vurdert slik at det er nok parkeringsplassar til brukarane viss kommunalt tilsette parkerer ein annan stad. Parkeringsplassane rundt alle kommunale arbeidsplassar bør merkast opp etter utarbeidd plan Vegvesenet har funne ut at berre gangfelt – utan fartsreducerande tiltak – gjer kryssing av hovudveg meir uttrykt enn kryssing utan gangfelt. Retningslinene for å få gangfelt seier og at 85 % av trafikken må køyre under fartsgrensa for at gangfelt skal verte vurdert etablert Fartsgrensa på alle fylkesvegar bør vurderast samla etter vegvesenet sine retningsliner knytt opp til randbebyggelse og mjuke trafikantar.	Bør vurdere høgare frekvens for områda rundt skule og barnehage Det bør lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert Ein må vidareføre trafikal opplæring for mjuke trafikantar og det haldningsskapande arbeidet for bilførarar Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista

Innsendar	Hovudfokus			Kommentar	Konklusjon / Arbeid	
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
Indre Masfjorden barnehage - personalet	Dårleg sikt grunna oppstillingsplass for bossdunkar Dårleg sikt grunna hekk og steingard		Dårlege parkeringstilhøve for tilsette		Meldt inn som moment til begge dei to siste reguleringsplanane (utarbeidd av to forskjellige konsulentar) utan at det er regulert inn større parkeringsareal i nærleiken av barnehagen. Meldt inn som moment til begge dei to siste reguleringsplanane utan at det er regulert inn eigna stad for oppstilling av bossdunkar. Regulering av nytt areal til oppstillingsplass kan ikkje gjerast gjennom trafikkisikringsplanen. Bruk av alternativt, privat areal til ny oppstillingsplass treng ikkje heimlast i reguleringsplan men kan gjennomførast etter løyve frå grunneigar, vedtak / info i f.eks bygdemøte og melding til NGIR.	Det bør lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert Kommunen oppmodar bygda sjølv – gjerne gjennom bygdelaget – til å kontakte grunneigarar og NGIR om synfaring for å finne ny eigna plass til oppstilling av bossdunkane. Det bør gjennomførast ei vurdering med tanke på sikt vs fartsgrense (eventuelt faktisk fart) og køyremønster.
Laila Furebotn	Ønskjer nedsett fartsgrense forbi Furebotn (fv 379)				Fartsgrensa på alle fylkesvegar i kommunen bør vurderast samla etter vegvesenet sine retningsliner knytt opp til randbebyggelse og mjuke trafikantar.	Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista
Nordbygda barnehage - FAU		Utviding av parkeringsplass ved Helsetunet Gangfelt over fv 570 Gangveg frå skule / oppvekstsenter til Mollandskrysset			Sjå kommentarar over Eigen gangveg på dette strekke vert ikkje vurdert som aktuelt grunna høge kostnader. Det vil vere meir aktuelt å sjå på sideterrenget langs vegen og vurdere kva tiltak som kan gjennomførast for at turvegen skal opplevast tryggare.	Vurdere tiltak på sideterrenget på strekket oppvekstsenteret – Mollandskrysset.
Andvik vel v/Katrine Birkeland x 2	Ønskjer nedsett fartsgrense til 50 km/t frå Breimyra til fylkesveg slutt				Fartsgrensa på alle fylkesvegar i kommunen bør vurderast samla etter vegvesenet sine retningsliner knytt opp	Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista

Innsendar	Hovudfokus			Kommentar	Konklusjon / Arbeid	
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
					til randbebyggelse og mjuke trafikantar.	
Masfjorden eldreråd v/ Terje Myrvang	Gangfelt ved krysset opp til sjukeheimen og Nordbygda skule Nedsett fartsgrense til 50 km/t frå Sleire til Risnes Nedsett fartsgrense på Andvik Lys i tunnelen på Hosteland og kalka veggjar	Gangveg mellom Vassleitet og Trodalsleitet			Planarbeid under arbeid Sjå kommentarar over Fartsgrensa på alle fylkesvegar i kommunen bør vurderast samla etter vegvesenet sine retningsliner knytt opp til randbebyggelse og mjuke trafikantar. Var lista som tiltak i gamal plan. Tilbakemelding frå vegvesenet er at tunnelen er for låg til å kunne ha lys, men kalka / kvitmåla veggjar gjer tunnelen lysare å ferdast gjennom	Avventer pågåande planarbeid Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista Kvitmaling av tunnelane på fv er ført opp på handlingsplanen som strakstiltak. Tiltaket om å auke høgda i Hostelandstunnelen er ført opp på handlingsplanen som eit langsiktig tiltak.
John Torsvik / Jannicke Torsvik		Ønskjer ei omlegging av fv 570 gjennom Ildalen				Kartlegging av trafikkfarlege punkt og strekke på 570 på Nordsida er ført opp på handlingsplanen. Avventar resultatet frå denne før ein jobbar vidare med enkelt strekke.
		Ønskjer gangveg mellom Hovden (Gulen kommune) og Stokkevikfeltet mot Hatlevik og Nautesund camping				Eigen gangveg på dette strekke vert ikkje vurdert som aktuelt grunna høge kostnader. Det vil vere meir aktuelt å sjå på sideterrenget langs vegen og vurdere kva tiltak som kan gjennomførast for at ferdsel langs vegen skal opplevast tryggare.
Frode Vee-Haugen	Ønskjer ei analyse av kvifor mange av tiltaka i førre TS-plan ikkje er følgt opp 10 år etter at tiltaka skulle vore gjennomført				Rådmannen ser det ikkje som hensiktsmessig å analyser kvifor ikkje alle tiltaka lista i «gamal» plan ikkje er gjennomført men vil heller nytte tilgjengelege ressursar til å sjå framover.	

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
	<p>Ønskjer ei liste over kor mange av tiltaka som ikkje er gjennomført</p> <p>Omklassifisert fv 570 på sørsida til forkjørsvveg</p>	<p>Ønskjer fokus på strekninga frå ferjekaien til svingen ved tannklinikken når det gjeld utbetring av gang- sykkelsti</p>			<p>Lista ligg som vedlegg 1 til høying- framlegget</p> <p>Planlegging for utbetring av strekke ferjekaien – barnehagen vert avventa utfallet av prosessen med Masfjordsambandet.</p> <p>Vegvesenet er gang med eit arbeid på kva det vil koste å gjere alle fv til forkjørsvveg.</p>	<p>Bør vurdere 40 sone og fartsdumpar på heile strekke som eit mellombels tiltak</p> <p>Bør vurdere å gjere på fv 570 og fv 379 til forkjørsvveg</p>
Linn Elisabeth Birkeland / Olav Hjartholm	<p>Ønskjer forlenging av 40 sona forbi det nye bustadfeltet i Skjelsundet</p> <p>Ønskjer fartsdumper før og etter innkøyring til bustadfeltet</p>					<p>Kommunen bør kartlegge fartsgrenser og fartsreducerande tiltak for alle kommunale vegar</p>
Haugsvær helselag v/Reidun Kvamsdal	<p>Ønskjer veglys på eksisterande gang- og sykkelveg</p>			<p>Peiker på at fleire avkøyrslar til bustadområde, aktivitetsområde og næringsområde vert opplevd som trafikkfarlege.</p> <p>Ønskjer gang- og sykkelveg langs vestsida av Haugsværvatnet</p>	<p>Avkøyrslane frå byggefeltet på Haugsvær og nordover er alle innafor plangrensa for det planarbeidet som no pågår i området. Når planen er vedteken må eventuelle tiltak om utbetring / omlegging inn i handlingsplanen.</p> <p>Dette er eit innspel til den pågåande planprosessen for området</p>	<p>Det må utarbeidast eventuell plan for bedehuskrysset som ikkje er med i den planprosessen som no er under arbeid.</p> <p>Det er sett av riksvegmidlar til lys på Haugsvær i ein lengde av 1,9 km. Tiltaket er likevel sett på handlingsplanen fram til iversetting ca 2016.</p>
Andvik helselag v/Björg Kvingedal	<p>Ønskjer nedsett fartsgrense til 50 km/t frå Breimyra gjennom Andvik sentrum til fylkesveg slutt</p>				<p>Fartsgrensa på alle fylkesveggar i kommunen bør vurderast samla etter vegvesenet sine retningsliner knytt opp til randbebyggelse og mjuke trafikantar.</p>	<p>Gjennomgang av fartsgrense for fylkesveggar er ført opp på handlingsplanen</p>
FAU Indre Masfjorden			<p>Brua mellom skulen og barnehagen er for smal</p>			<p>Tiltaket er innafor godkjent plan og er ført på handlingsplanen</p>

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
barnehage	Plassering av bossdunkane gjer parkeringsplassen mindre og farlege situasjonar kan oppstå ved tømning av dunkane		Parkeringsplassen utafør barnehagen er for liten og er for nær eit uoversiktleg kryss.		Meldt inn som moment til begge dei to siste reguleringsplanane (utarbeidd av to forskjellige konsulentar) utan at det er regulert inn større parkeringsareal i nærleiken av barnehagen. Meldt inn som moment til begge dei to siste reguleringsplanane utan at det er regulert inn eigna stad for oppstilling av bossdunkar. Regulering av nytt areal til oppstillingsplass kan ikkje gjerast gjennom trafikksekringsplanen. Bruk av alternativt, privat areal til ny oppstillingsplass treng ikkje heimlast i reguleringsplan men kan gjennomførast etter løyve frå grunneigar, vedtak / info i f.eks bygdemøte og melding til NGIR.	Det bør lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert Kommunen oppmodar bygda sjølv – gjerne gjennom bygdelaget – til å kontakte grunneigarar og NGIR om synfaring for å finne ny eigna plass til oppstilling av bossdunkane.
Risnes idrettslag v/Vidar Sleire Tistel	Ønskjer lys i Hostelandstunnelen				Var lista som tiltak i gamal plan. Tilbakemelding frå vegvesenet er at tunnelen er for låg til å kunne ha lys.	Ein må føre tiltaket om å auke høgda i Hostelandstunnelen på handlingsplanen slik at han vert høg nok til å ein kan montere lys.
Toralf Torsvik		Ønskjer å flytte krysset fv 377 x fv 570 til nordsida av fv 570 med påkopling fv 377 etter Risnesbrua			Foreslått omlegging vert vurdert som eit utbetringstiltak meir enn eit trafikksekringstiltak med den dokumentasjonen som no ligg føre	
Heimetenesta i Indrefjorden v/Elin Eikemo	Ønskjer skilting: barn leiker og merka område for parkering knytt til ballbingen på Haugsvær. Ønskjer skilting med køyre-restriksjonar for eldrebusadane på Matre samt merking av parkeringsplassar for besøkande.					Kommunen bør kartlegge farts-grenser og fartsreducerande tiltak inkludert skilting – barn leiker - for alle kommunale vegar Det bør lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert
				Peiker på at krysset til Trodalen er farleg særleg når ein skal svinge til venstre	Utbetring av Trodalskrysset var med som tiltak i den «gamle» planen utan at det er gjennomført ei opprusting / utbetring.	Vidareførast til ny plan

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
	<p>Fv 379 langs Kalhovdavatnet må utbetrast</p> <p>Ønskjer meir lys langs E39 særleg rundt busskura.</p>			<p>kort tid etter at ein har kome ut av Matreberg tunnelen.</p> <p>Peiker på at det ved fleire av avkøyrslane på Haugsvær oppstår farlege situasjonar ved avkøyring til sidevegar.</p>	<p>Avkøyrslane frå byggefeltet på Haugsvær og nordover er alle innafor plangrensa for det planarbeidet som no pågår i område. Når planen er vedteken må eventuelle tiltak om utbetring / omlegging inn i handlingsplanen.</p> <p>Einslege lys på busskur kan gjere det vanskeleg å oppdage gåande på veg til busshaldsplassen. Det vert difor tilrådd at ein set opp fleire lys i rekke. Dette vert vurdert i kvart tilfelle etter eigen konkret søknad frå private eller kommunale einingar</p>	<p>Det må utarbeidast eventuell plan for bedehuskrysset som ikkje er med i den planprosessen som no er under arbeid.</p> <p>Det må gjennomførast ei utgreiing for sideterrenget langs vegen og vurdere kva tiltak som kan gjennomførast for at ferdsel langs denne delen av fv 379 skal opplevast tryggare.</p> <p>Det er sett av riksvegmidlar til lys på Haugsvær og Matre. Tiltaka er likevel sett på handlingsplanen fram til iversetting ca 2016.</p>
<p>Elevrådet v/Sandnes skule</p>	<p>Elevrådet listar blant anna følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Veglys og skilting ved uoversiktlege kryss - Trafikkspegel - Turstiar/vegar med lys ute i naturen 		<ul style="list-style-type: none"> - Gangfelt ved skulen og barnehagen på Sandnes 		<p>Dette er viktige tema i ein trafikkisikringsplan men vert forlite konkrete til at dei kan kommenterast på ein god måte</p> <p>Trafikkspegel er eit privat tiltak som må kostast og utførast av dei som har behov for det. Vegvesenet bistår i å finne ei god plassering</p> <p>Tiltaka ligg innafor planavgrensinga til områdeplanen for Sandnes</p> <p>Lys på stiar i naturen vert ikkje vurdert som eit trafikkisikringstiltak</p>	
		<ul style="list-style-type: none"> - Bru til Duesund med eigen gang- og sykkelveg 			<p>Dette må avklarast gjennom eigen planprosess knytt til Masfjordsambandet</p>	

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
	<ul style="list-style-type: none"> - Automatisk trafikkmålar - Boks som tek bilete av brot på trafikkreglar - Forbetre sikt i uoversiktlege svingar og vegkryss 				<p>Dette er politioppgåver og kan ikkje regulerast gjennom kommunal plan</p> <p>Ein må skilje mellom ønske om utbetringar som er trafikksikringsarbeid (der statestikken viser at det skjer mykje ulukker) og utbetringar som berre vil gjere at ein kan køyre fortare</p>	<p>Dette arbeidet er gjort for fv 570 på sørsida og to punkt som er rekna som trafikkfarlege er ført opp på handlingsplanen.</p>
Matre skule v/tilsette	<p>Ønskjer fartsdumpar på vegen inn til bassenget</p> <p>Ønskjer port inn til skuleplassen</p>		<p>Peiker på at det er lite parkeringsplassar til både tilsette og foreldre rundt Matre skule.</p>		<p>Dette tiltaket kan takast opp på den fysiske vernerunden og ny port kan tingast og etablerast i samråd med teknisk etat</p>	<p>Det bør i første omgang lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert.</p> <p>Gjennomføring av planlagte tiltak innafor godkjente reguleringsplan er sett opp på handlingsplanen</p> <p>Kommunen bør kartlegge fartsgrenser og fartsreducerande tiltak inkludert skilting – barn leiker - for alle kommunale vegar</p>
Nordbygda skule - FAU	<p>Ønskjer lys i Hostelandstunnelen</p> <p>Ønskjer nytt busskur ved Nordbygda skule</p> <p>Ønskjer at busstoppet i Ytre Haugsdal vert utbetra</p>	<p>Ønskjer nedsett fartsgrense og fartshumpar med Nordbygda skule</p>			<p>Var lista som tiltak i gamal plan. Tilbakemelding frå vegvesenet er at tunnelen er for låg til å kunne ha lys.</p>	<p>Ein må føre tiltaket om å auke høgda i Hostelandstunnelen på handlingsplanen slik at han vert høg nok til å ein kan montere lys.</p> <p>Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista</p> <p>delvis utført</p> <p>delvis utført</p>

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
Den Norske kyrkja / Bjørgvin bispedøme råd		Peiker på at tilkomst / parkeringstilhøve ved Frøyset kyrkje må betrast			Dette tiltaket er gjennomført	
FAU Sandnes skule	<p>Opplyst gangfelt ved skulen knytt til ny gang- og sykkelveg og busslomme</p> <p>Opplyst gangfelt ved barnehagen</p> <p>Opplyst gangfelt ved Sandnes kyrkje</p> <p>Nedsett hastighet gjennom alle bygdetun / tettstader / bygder</p> <p>Ønskjer veglys på alle bussstopp samt tilfredsstillande busslommer og venteskur</p> <p>Alternativ parkering ved Sandnes skule</p>	<p>Ønskjer tofeltsveg frå Andåskrysset til Ådnekvamme</p> <p>Ønskjer gang- og sykkelveg gjennom alle bygdetun, tettstader, bygder, skule og barnehage</p> <p>Ønskjer utvida avkøyrsløse, busslomme, venteskur og opplyst gangfelt ved grendahus.</p>			<p>Vert ikkje vurdert som eit trafikk-sikringstiltak – meir som tiltak for at ein skal kunne køyre fortare</p> <p>Uaktuelt grunna høge kostnader. Konkrete, grunngevrne tiltak med støtte i utarbeidd statestikk kan vurderast.</p> <p>Einslege lys på bussskur kan gjere det vanskeleg å oppdage gåande på veg til gangfeltet. Det vert difor tilrådd at ein set opp fleire lys i rekke. Dette vert vurdert i kvart tilfelle etter eigen konkret søknad frå private eller kommunale einingar</p> <p>Vert ikkje vurdert som eit trafikk-sikringstiltak i denne omgang.</p> <p>Einslege veglys på bussskur kan gjere det vanskeleg å oppdage gåande på veg til busshaldsplassen. Det vert difor tilrådd at ein set opp fleire lys i rekke. Dette vert vurdert i kvart tilfelle etter eigen konkret søknad frå private eller kommunale einingar</p> <p>Areala som er aktuelle ligg innafor planavgrensinga til områdeplanen for Sandnes</p>	<p>Gjennomgang av fartsgrense for fylkesvegar er ført opp på handlingslista</p>
Matre skule - FAU			Trafikkareala på og ikring skulen Matre bru – må få eige			Planlagde tiltak innafor reguleringsplanen er ført opp på handlingsplanen

Innsendar	Hovudfokus			Kommentar	Konklusjon / Arbeid	
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
	<p>Krav til kvalitet på gatelys og sikring på alle busstopp</p> <p>Port til skulen</p> <p>Ryddar busker nedafor skulen</p> <p>Skulebussen køyrer innom butikkområde på Haugsvær på heimveg</p>	<p>Solheimslia – manglar støypekant/rekkverk, låg støypekant pga pålagt asfalt og rasfare</p>	<p>gangfelt</p> <p>Kryss, parkering og levering/henting - Barnehagen</p>	<p>Undergang E39 . Matre</p> <p>Kryssing E39 Trodal</p> <p>Krysset til Haugsvær Auto – farleg kryssing med busstopp på nordsida</p>	<p>Utbetring av Trodalskrysset var med som tiltak i den «gamle» planen utan at det er gjennomført ei opprusting / utbetring. Ligg i vegnormalen og vert følgt ved opprusting og nyetablering.</p> <p>Avkøyrslane frå byggefeltet på Haugsvær og nordover er alle innafor plangrensa for det planarbeidet som no pågår i område. Når planen er vedteken må eventuelle tiltak om utbetring / omlegging inn i handlingsplanen.</p> <p>Meldt inn som moment til begge dei to siste reguleringsplanane (utarbeidd av to forskjellige konsulentar) utan at det er regulert inn større parkeringsareal i nærleiken av barnehagen.</p> <p>Desse tiltaket kan takast opp på den fysiske vernerunden og ny port kan tingast og etablerast i samråd med teknisk etat</p> <p>Areala om er aktuelle ligg innafor plangrensa til områdeplanen for Haugsvær</p>	<p>Planlagde tiltak innafor reguleringsplanen er ført opp på handlingsplanen</p> <p>Vidareførast til ny plan</p> <p>Det må utarbeidast eventuell plan for bedehuskrysset som ikkje er med i den planprosessen som no er under arbeid.</p> <p>Det bør lagast parkeringsplan for parkering ved alle kommunale bygg og parkeringsplassane bør merkast opp etter planen etter at denne er kommunisert</p> <p>Det må gjennomførast ei utgreiing for sideterrenget for kommunale vegar og vurdere kva tiltak som kan gjennomførast for at ferdslang desse vegane skal opplevast tryggare.</p> <p>Eventuelle trafiksikrings tiltak som vert heimla i denne planen må førast opp på handlingsplanen når denne vert rullert</p>
Bjørn West IL		Parkering i Stordalen			<p>Større parkeringsplassar må heimlast gjennom plan, mens mindre plassar kan opparbeidast etter avtale med grunneigar og søknad etter pbl inkludert</p>	

Innsendar	Hovudfokus				Kommentar	Konklusjon / Arbeid
	planuavhengig	involverer planlegging	innafor gjeldande «ny» plan	E39		
		Parkering Romarheimsdalen			dispensasjon for bygging i LNF-område. Det siste kan løysast gjennom dispensasjonsinstituttet nedfelt i kommuneplanen Større parkeringsplassar må heimlast gjennom plan.	
		Gang- sykkelveg mellom Matre og Haugsvær			Areala om er aktuelle ligg innafor plangrensa til områdeplanen for Haugsvær	Eventuelle trafikksikrings tiltak som vert heimla i denne planen må førast opp på handlingsplanen når denne vert rullert
		Parkering ved buldreområde i Matresdalen				Ført opp som tiltak i handlingsplanen
		Parkering i samband med fjelltrimpostar			Parkeringsplassar kan opparbeidast etter avtale men grunneigar og søknad etter pbl inkludert disp. for bygging i LNF-område. Det siste kan løysast gjennom dispensasjonsinstituttet nedfelt i kommuneplanen	Arbeidet kan utførast på dugnad i kommunal støtte som minimum dekker byggesaksgebyra.
	Lys i tunnelane på fv 383 – Indre Haugsdal				Tilbakemelding frå vegvesenet er at tunnelen er for låg til å kunne ha lys.	Kvitmaling av tunnelveggane er ført opp på handlingslista
Statens vegvesen						
Berg Fritid v/ Arne Berg	Vedlikehald av Matresberget som del av sykkelveg mellom Haugsvær og Matre					Ført opp som tiltak i handlingsplanen
Matre og Haugsdal helselag v/Lise Dyrhovden	Lys på kommunal veg frå trygdebustadane på Matre, nordover og over brua på kv mot fv 381 til Stordalen					Ført opp som tiltak i handlingsplanen